Kviteseid misjonsmenighet
MISJONSFORBUNDET

Referat frå styremøte i styret for Betel
onsdag 22. juni 2016 kl. 1800

Tilstades

Oddvar Hægeland (2015-2016)
Øystein Kvamme (2016)
Sigrid T. Lofstad (2015-2016)
Sigrun Lønning Solvang (2015-2016)

Opning ved Sigrun om det å ha ulike oppgåver og nådegaver.

Sak 15/16: **Godkjenning av referat frå styremøte 27. april 2016**
Referatet blei godkjent, og vi gjennomgikk saker frå referatet. Når det gjeld måling av huset, får vi ikkje dette til i sommar, men vi tar det opp som sak til hausten. Styret foreslår Anders som prosjektleiar.

Sak 16/16: **Framtidig betalingsordning**
Vi kjem til å få ei betalingsordning som heiter SPING. Styret arbeider med saka og korleis vi skal gjere dette kjent.

Sak 17/16: **Planar for haustterminen**
Datoar for sundagstreff: 28/8 (Kjell Birkeland), 18/9, 2/10 (Solveig Johansen), 16/10, 30/10 (misjonsmøte Øyvind Berberg med gjest), 13/11, 27/11, 18/12 (Jolemøte med Gunstein Draugedalen). Felles songmøte 25/9 på Sundvang.
Menighetens oppstarts- og samlingsmøte/kick-off (tema: tankar og idear for møteverksemda, grilling kl. 16 ved dårleg vær varmer vi pølser inne) 21/8, bibelundervising med bøn to sundagar (spørje Amund) 6/11 og 20/11, felles skogstur 4/9 med veratterhald, 4/12? adventsmeditasjon?

Sak 18/16: **Eventuelt**

Neste styremøte er 17/8.

Oddvar Hægeland, sekretær